

MØTEBOK
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 24.9.2021
Stad: Geilo, Vestlia Hotel

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
Petter Rukke, Hol kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tore Haraldset, Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå kommunedirektørutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Henrik Skovly, Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, seniorrådegjever

Forfall

Pål Rørby, ordførar Hemsedal kommune
Reidun Katrine Halland, kommunedirektør Hemsedal kommune
Karsten Dideriksen, rådmann Ål kommune
Jan Olav Helling, dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Olav Skinnes, fylkesråd
Magnus Weggesrud, pol.
Lasse Narjord Thue, adm.

SAK 65/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.8.2021**Vedtak**

Protokollen 27.8.2021 er godkjent.

SAK 66/21 ORIENTERING OM NYE PLANAR VED NTG, VED TORGEIR SKREDE

Torgeir Skrede, dagleg leiar/toppidrettssjef NTG Geilo orienterte om mogeleg forsøksordning med utdanningsprogram yrkesfag på Geilo.

Regionrådet drøftar ei eventuell støtteerklæring til NTG, med rektor ved Ål vgs og ev. Viken fylkeskommune før avgjerd.

SAK 67/21 ÅRSBUDSJETT 2022 OG ØKONOMIPLAN 2022 – 2025

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjera slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2022, med ei kommunal finansiering på kr. 2.180.000 + 300 000 (Ungt entreprenørskap)
= kr. 2 480 000
Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2022, frå kommunane i Hallingdal.
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 733 701,67 for 2022 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2023.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til tiltak som oppstår i budsjettåret.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale samarbeidstiltak, der det ikkje er sett av midlar.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2022 – 2025.

SAK 68/21 HØYRING PLANPROGRAM REGIONALE PLANAR I VIKEN

Regionrådet for Hallingdal handsama i sak 68/21 uttale til handlingsprogram, med slik uttale:

Spørsmål 1

PLANPROGRAMMET BESKRIVER HVA SOM ER FORMÅLET MED PLANARBEIDET OG HVILKE TEMA SOM ER RELEVANTE FOR DEN ENKELTE PLAN. DETALJERING AV STRATEGIER, TEMA OG TILTAK BLIR EN DEL AV DEN KOMMENDE PLANPROSESSEN.

Er planenes formål og tematikk relevant og et godt utgangspunkt for videre planarbeid?

a. Innspill til regional plan for kompetanse og verdiskaping

Ei av hovudutfordringane for distrikta/Hallingdal er nedgang i folketal og eit for einsidig næringsliv. Sjølv om bustadattraktiviteten er høg, kan arbeidsplass- attraktiviteten vera låg. Dette har m.a. samanheng med liten variasjon i næringslivet, små fagmiljø og for låg del arbeidsplassar med krav til høgare utdanning. Regionrådet for Hallingdal vil her peike på noko av hovudkonklusjonane i NOU 2011:3: «Kompetanse-arbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet»: «*Utvalget mener at en jevnere geografisk fordeling av veksten i kompetansearbeidsplasser kan gi samfunnsøkonomisk gevinst ved økt ressursutnyttelse og høyere verdiskaping*». Dette er og peikt på i NOU 2020: 12 «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn» og NOU 2020: 15 «Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene».

b. Innspill til regional plan for areal og mobilitet

Regionrådet for Hallingdal er oppteken av det ansvaret Viken har for kollektivtrafikk, fylkesvegar og knutepunktutvikling og ser med ei viss bekymring på mangel på satsing i distrikta.

Det er positivt at det i planprogrammet blir sagt: «Skape bærekraftige mobilitetsløsninger som er tilgjengelige og trygge for alle.»

Eit skissert mål er: «*Det blir Lokalisere arbeids- og/eller besøksintensive virksomheter i sentrumsområder for økt tilgjengelighet.*» Dette må nyanserast ut frå at ein del arbeids-

og/eller besøksintensive verksemder må/blir lokalisert ut frå andre naturgjevne føresetnadar. Eks. kan vera reiselivsrelaterte verksemder eller nye type etableringar som t.d. batterifabrikk eller datasenter.

I forhold til arealdisponering må det vera ein differensiert modell når det gjeld fortetting. Det trengs ei fleksibel tilnærming til dei statlege planretningslinjene for areal og transport (knutepunktstrategien), og distriktskommunar må ha ein større reserve til spreidd bustadbygging enn sentrale kommunar.

Regionrådet for Hallingdal meiner at det i planprogrammet må konkretiserast fylkeskommunen sitt ansvar for ei samordning mellom nasjonale, regionale og kommunale styresmakter sine verkemidlar innanfor arealdisponering og samferdselsområdet.

c. Innspill til regional plan for økt livskvalitet, deltakelse og likeverd

Hallingdal er ein stor geografisk region, der det er avgjerande med samordna innsatsområder for heilskapleg distrikt- og tettstadsutvikling. For at heile fylkeskommunen skal ta del i den vekst og utvikling som er målsettinga, må dei regionale fortrinna og skilnadane konkretiserast. Det må utviklast eit kunnskapsgrunnlag som gjer det mogeleg å prioritera ut frå regionale skilnadar, for å skapa livskraftige lokalsamfunn.

Dersom verkemidlane har lik innretning i heile Viken blir ikkje dei store forskjellane i fylke teke på alvor. Bygdemiljøpakker kan vera eit viktig verkemiddel i dette arbeidet.

Spørsmål 2

DET KOMMENDE PLANARBEIDET SKAL VÆRE KUNNSKAPSBASERT OG BYGGE PÅ OPPDATERTE REGIONALE DATA, ANALYSER OG UTREDNINGER.

Har dere kunnskapsgrunnlag som er relevant for det videre planarbeidet og som bør inkluderes i planprogrammet?

Det er viktig å ha eit breitt kunnskapsgrunnlag som gir kunnskap om regionale fortrinn og forskjellar. Kunnskapsgrunnlaget og nye utgreiingar må innehalde ein samla gjennomgang. Analyse av framtidig demografisk utvikling og struktur og ulike faktorar som gir grunnlag for vekst og utvikling, er viktig kunnskapsgrunnlag.

Hallingdal er ein region der innbyggjartalet i mange samanhengar er direkte missvisande i forhold til ulik type planlegging og dimensjonering. Hallingdal som ein av dei største reiselivsregionane i landet har store variasjonar i innbyggjartal. Det er ei kjennsgjerning at eksisterande grunnlag for å beregne gjestedøgn både i forhold til den kommersielle delen og hyttemarknaden har store svakheiter.

Hallingdal har over lengere tid nytta teledata som eit godt grunnlag for å registrere reelt innbyggjartal eller brukartal i kommunane/Hallingdal. Enkelt fortalt, Hallingdal har eit brukartal som er over dobbelt så stort som innbyggjartalet, ved fordeling over året. Kvar dag året rundt eit brukartal som er minst 50% høgare enn innbyggjartalet og i korte periodar seks gonger høgare enn innbyggjartalet.

Tida er overmoden for å ta i bruk teledata som kunnskapsgrunnlag for ulike type planlegging, dimensjonering og tenesteproduksjon i kommunar med store variasjonar i brukartal.

Spørsmål 3

FOR Å UTVIKLE RELEVANTE OG GODT FORANKREDE PLANER MÅ DET SØRGES FOR MEDVIRKNING OG INVOLVERING SOM ENGASJERER AKTØRER OG INNBYGGERE OVER HELE VIKEN.

Hvordan ønsker dere å bli involvert i det videre planarbeidet?

Det må leggast til rette for brei forankring, med høyringsfristar som sikrar eit samspel mellom kommunane og kommuneregionane, slik at det blir tid til reelle drøftingar internt i regionen. I tillegg bør Viken vera pådrivar for at kommuneregionane har ein arena for å diskutere dei ulike regionane sine fortrinn og forskjellar, slik at dei regionale planane avspeglar verkelegheita, slik den blir oppfatta i dei ulike kommuneregionane.

Regionrådet for Hallingdal meiner det er avgjerande at dei største næringane i regionane blir invitert til å koma med sine perspektiv på kva som er viktig for framtidas næringsutvikling. Det må arrangerast prosessar og møteplassar der deltakarar frå akademia/forsking, næringsliv, politikk/forvaltning og samfunnslivet sit saman, for å diskutere kva faktorar som driv utviklinga i heile Viken.

Spørsmål 4

DE TRE NYE REGIONALE PLANENE FOR VIKEN SKAL BYGGE VIDERE PÅ ELEMENTER FRA GJELDENDE REGIONALE PLANER.

Klikk her for å se [gjeldende regionale planer](#).

Hvilke elementer fra gjeldende planverk og samarbeid har fungert godt og bør tas med videre i de nye regionale planene? Er det noe som har fungert mindre godt? Begrunn svaret.

Regionrådet for Hallingdal har ikkje gjort ein grundig nok gjennomgang til å kunne ha klare meininger om dette punktet.

Spørsmål 5

DET ER VIKTIG Å SKAPE SAMSVAR MELLOM STRATEGIER OG SATSINGER PÅ REGIONALT OG LOKALT NIVÅ FOR Å LYKKES MED BÆREKRAFTIG UTVIKLING I REGIONEN.

Hva er det viktigste langsiktige arbeidet eller strategien dere jobber med som kan ha betydning innenfor den enkelte plan?

Strategisk plan for Hallingdal 2021 – 2024 har fleire innsatsområder som samsvarar med deler i dei tre planane.



Det regionale omstettingsprogrammet «Sats på Hallingdal» er eit anna langsiktig arbeid som vil kunne få betydning i forhold til dei tre planane.

Spørsmål 6

HAR DERE ANDRE INNSPILL?

Regionrådet for Hallingdal støttar Viken sine ynskjer om tre regionale planar og dei føreslegne innsatsområda. Dei regionale planane i Viken må sjå kommuneregionane sine samla behov og løysingar på tvers av regiongrensene. Hallingdal er oppteken av dei regionale forpliktingane og felles innsats som må skje i kommuneregionen for å nå Viken sine mål.

Kommuneregionane sitt eigarskap til dei regionale planane i Viken blir viktig og det er heilt avgjerande at Hallingdal kjenner seg att i problemstillingar, løysingar og konsekvensar for vår region.

Sjølv om det ikkje er tema no kan det vera grunn til å fundere litt på prosessar og konsekvenar av vidare planarbeid, dersom det om kort tid blir klarlagt at Viken skal oppløysast som fylkeskommune. Planarbeid fram til no og eit stykke ut i vidare planprosess vil sikkert ha direkte overføringsverdi til eventuelle nye fylkeskommunar. Men på eit tidspunkt vil tilnærmingar, analysar, involvering og ikkje minst engasjement bli endra, dersom det er klarlagt at Viken fylkeskommune skal oppløysast. Dette er noko programstyre bør ha ei bevisst haldning til og som blir kommunisert til regionane/kommunane.

Regionrådet for Hallingdal ser på arbeidet og involvering med dei regionale planane som avgjerande for ei god utvikling av alle regionane i fylkeskommuen og ynskjer å vera ein aktiv part i dei vidare prosessar i planarbeidet.

SAK 69/21 HANDLINGSPROGRAMMET TIL STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2022 -2025?

Regionrådet for Hallingdal handsama handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal 2022 -2025. Det vart gjort mindre justeringar som er innarbeida i planen.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å vedta handlingsprogrammet 2022 – 2025, til Strategisk plan for Hallingdal.

SAK 70/21 HALLINGDAL SOM SAMFERDSELSPILOT – SAMARBEID MED VIKEN?

Regionrådet for Hallingdal gjorde i sak 55/21 slikt vedtak:

Regionrådet for Hallingdal ønskjer å engasjere seg i dette arbeidet og vil gjera nærmare avklaringar med fylkesrådsleiar Tonje Brenna.

Ut frå drøftingar er det semje om at det skal arbeidast med å å utvikle framtidas kollektivløysingar for Hallingdal. Regionrådet ha ansvaret for vidare prosess, men i nært samarbeid med Viken fylkeskommune.

SAK 71/21 EVENTUELTT

Saker til Hallingting 28 – 29.10

- Årsbudsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025.
- Strategisk plan for Hallingdal, handlingsprogram
- Sats på Hallingdal, regional omstilling. Innspel og forankring Kva er gjort så langt. Proneo deltek
- Regionalt politiråd. Avtalesignering
- Samferdsel, div
- Status Nortura

Status Nortura

Knut Arne Gurigard orienterte kort om status arbeidet med Nortura

Veteranfeiring på FN dagen

Studietur

Det vart lagt fram forslag til studietur til Fosenregionen. Administrasjonen skal arbeide vidare med forslaget.

El-bussar

I samband med regionrådsmøte presenterte Brakar og Vy buss dei nye elektriske bussane som vil vere i trafikk i Hallingdal frå veke 39. I løpet av nokre veker vil totalt 10 nye bussar vera i drift i Hallingdal. I samband med markeringa vart det også ein prøvetur.

Hallingdal 29.9.2021

Knut Arne Gurigard

Seniorrådgjevar